



## Kystsoneplan - Styringsgruppa

Referat frå:		Møtedato:	16.12.2016	Tid:	10:00-13:00
Møteleiar:	Kjell Håland	Møtestad:	Kunnskapshuset, Stord	Arkivsak:	
Referent:	Turid Verdal	Ref.dato:		Arkivnr.:	

**Deltakarar:** Kjell Håland, Wenche Tislevoll, Kjartan Innbjø, Anne-Beth Njærheim, Jon Larsgard (vara), Eva Katrine Taule, Turid Verdal, Karoline Eldøy

**Fråvær:** Jostein Ljones, Odd Harald Hovland,

**Kopi til:**

### Møte i Styringsgruppa – Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Møteinnkallinga med agenda:

1. Referat frå møte 04.11.2016
2. Avklaring prosess FMHo
3. Juridiske avklaringar, plankart og omsynssoner
4. Vidare prosess

#### 1. Referat frå møte 04.11.2016

Eva Katrine Taule gjekk gjennom referatet frå førre styringsgruppemøte der FMHo deltok.

Informerte om at det har vore møte med FMHo v/Svein Kornerud og Egil Hauge i etterkant av styringsgruppemøtet. I dette møtet vart referatet frå 04.11.2016 kommentert og FMHo ønska to korrigeringar i referatet.

Styringsgruppa er særstegn godt med at ein har komme i dialog med FMHo om planen, og syner til at møtet på Solstrand var eit viktig prosessmøte. Det er semje om at dei fleste merknadane frå FMHo er mogleg å imøtekjemme/oppklare. Gruppa er også godt med at FMHo signaliserte at det vil vera tilstrekkeleg med ei avgrensa høyring dersom ein imøtekjem dei momenta som FMHo har komme med.

Det er sendt ut reviderte retningslinjer til dette styringsgruppemøtet, men ikkje revidert plankart. FMHo har gitt tilbakemelding ang. retningslinjene, men ikkje i høve til plankartet utover at plankartet må basere seg på oppdatert kunnskap og berekraft prinsippet. FMHo kjem med tilbakemelding på plankart i avgrensa høyring. Det er ikkje avklart tilhøva kring kommuneplanavklarte areal som FMHo er kritiske til. Styringsgruppa ønsker å oppretthalde desse områda i kystsoneplanen.

Wenche Tislevoll ønsker ei presisering til pkt. 4 i referatet, om at dialogmøte også må inkludere møte med styringsgruppa i den Interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland. Wenche informerte om at det er utarbeidd reviderte føresegner og retningslinjer for strandsoneplanen og at det framover vil vera dialog med FMHo og kommunane om desse. Det er ønske frå styringsgruppa at ein skal arbeide for at desse to planane er best mogleg samkjørt.

Styringsgruppa godkjente referatet med korrigeringar datert 01.12.2016.

Det vart informert under pkt. 2 om kunnskapsgrunnlaget, at det i den offentlege innkjøpsdatabasen DOFFIN er lyst ut abeid med kartlegging av sjøbotn. Oppdragsgjevar er Kyst Mareano (Tillegg i referatet då ein ikkje kunne svare i møtet: Utdrag frå [www.mareano.no](http://www.mareano.no))

«Havforskningsinstituttet, Norges geologiske undersøkelse og Kartverket sjødivisjonen utgjør utøvende gruppe i MAREANO, og gjennomfører den daglige faglige driften. Det overordnede ansvaret for gjennomføringen av MAREANOs aktiviteter liggjer hos programgruppen som ledes av Miljødirektoratet. Den øverste ledelsen av MAREANO liggjer i styringsgruppen som består av representanter fra fem departement: Nærings- og fiskeridepartementet, Klima- og miljødepartementet, Samferdselsdepartementet, Olje- og energidepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Programmet finansieres av Nærings- og fiskeridepartementet og Klima og miljødepartementet gjennom bevilgninger over statsbudsjettet»

## 2. Avklaring prosess FMHo

### Kunnskapsgrunnlag

Administrasjonen hadde møte med FMHo 24.11.2016 der bakgrunn for planen og temagrundlag vart presentert. Særleg er tilhøva knytt til villfisk og anadrome vassdrag viktig å jobbe meir med i planen. (*Anadrome vassdrag er vassdrag der artar som har eit vandringsmønster der dei gyter og har ynglestadiet i ferskvatn, men som vanlegvis lever det vaksne livet i saltvatn, t.d. laks og sjøaure*)

Ein del av utfordringa i kystsoneplanlegginga er samspelet mellom plan- og bygningslova (PBL) og sektorlovar. Det kan ikkje bli gitt løyve til akvakultur utan at arealet er avklart etter PBL enten gjennom kommuneplan, reguleringsplan eller dispensasjon.

Turid Verdal hadde ein gjennomgang av oppdatert kunnskapsgrunnlag. Vedlagt presentasjon. Situasjonen er relativt lik som den var når Akvakulturalysen vart utarbeidd (2014). Det er framleis utfordringar som gjer at det ikkje bør opnast for auke av produksjon i Hardangerfjord-systemet før problema er løyst. Særleg er rømming (genetisk innblanding) og lakselus (overleving) den mest kritiske påverknaden frå akvakulturnæringa, og situasjonen for villfisk (sjøaure og laks) er utfordrande.

Forholdet til kommuneplanavklarte areal er ikkje avklart med FMHo. Dette var ein viktig merknad for mange kommunar i høyringa av planforslaget. Styringsgruppa meiner at kvalitetssikring av desse områda er sikra gjennom retningsline i Kystsoneplanen, med krav til kommunane sin gjennomgang av eksisterande og nye areal for akvakultur.

Styringsgruppa vart samde om følgjande:

- Planomtalen vert oppdatert med nytt kunnskapsgrunnlag.
- Forklaring av retningslinene i planomtalen.
- Vurdere innspelsområde ved utløpet av Hardangerfjorden (Sveio, Bømlo, Vindafjord) med omsyn til villfiske og vandringsrute for laksefisk.
  - o I møtet: Ta ut område ved Tittelsnes. Må argumentere opp dei andre innspelsområda om dei skal ligge i plankartet. Dette må utgreiaast.
- Legge inn arealsone naturmangfold i plankartet for område med kystlynghei av høg verdi
- Arealsone landskapsområde (tidlegare omsynssoner): Behalde revidert avgrensing av desse områda, men vurdere spesiell løysing for Fitjarøyane
  - o I møtet vart det lagt fram to alternativ for Fitjarøyane: 1. Nyte avgrensing som i høyringsforslag med «integerte» frimerke med akvakultur, 2. Nyte avgrensing som i revidert forslag. Kompensere for avgrensa sone med å vise arealsone kystlynghei. Alternativ for Fitjarøyane vert teke opp på neste styringsgruppemøte.

### Retningsliner

Forslag til reviderte retningsline var sendt ut til gruppa før møtet, og endringane vart gjennomgått.

Styringsgruppa vart samde om følgjande:

- Hovudmål og delmål: implementere berekraftig utvikling i måla er ok
- Intensjonen med §1.3. skal tydeleggjera i planomtalen. Forslag om å ta ut setning nr. 2 og 3.
- Forslag frå FMHo til ny formulering av § 1.5. er ok
- Endring §§ 1.4, 2.4, 2.13, 2.15, 2.34 og 2.41 er ok
- Det er behov for ein gjennomgang av retningslinene knytt til strandsone i lys av den Interkommunale strandsoneplanen i Sunnhordland

### **3. Juridiske avklaringar, plankart og omsynssoner**

Bakgrunn for dette punktet er at HFK har blitt kjent med eit brev sendt frå ordførarar i Tysnes og Austevoll kommune til Fylkestingsgruppa til Hordaland Høgre v/ Mona R. Strømme. Brevet stiller spørsmål ved ein del juridiske forhold knytt til Kystsoneplanen.

Brevet var ikkje sendt ut til styringsgruppa før møtet, sidan dette ikkje er stila til HFK.

Styringsgruppa ønskte likevel å lesa brevet for å vera orientert om dei politiske prosessane rundt planen, og bad administrasjonen ta kontakt med Strømme for om mogleg å få tilgang til brevet.

Gjennomgang av dette punktet vert utsett til neste styringsgruppemøte.

### **4. Vidare prosess**

Forslag til møtedato for neste styringsgruppemøte:

Fredag 10. februar, Engesund visningsanlegg, Fitjar.

Forslag til dokumenter til avgrensa høyring skal sendast ut til gruppa før møtet.

Hovudpunktet i neste styringsgruppemøte vil vera gjennomgang av dokument for vedtak om å sende dei på ei avgrensa høyring (høyringspartar: kommunane, næringa og regionale statsinstansar).

Styringsgruppa held på ønsket om å arrangere dialogmøte med FMHO, styringsgruppa for Interkommunal strandsoneplan i Sunnhordland, næringa, i tillegg til kommunar (Tysnes og Austevoll) som har vore særleg kritiske til planforslaget. Dialogmøte/møter blir etter neste styringsgruppemøte, i samband med høyringsperioden.

Det er eit mål om at prosessane framover vil gjera at ein kan sende planen på avgrensa høyring i februar – mars 2017. Dette vil kunne gi rom for politisk handsaming av planen juni 2017.